

Oversyn over krigen i Noreg

1940:

9. april: Det tyske åttaket på Noreg. Quisling gjer statskupp gjennom radioen. Utnemner seg sjølv til statsminister.

10. april: Konge og regjering seier nei til dei tyske krava om at regjeringa skal gå av, og at Quisling skal bli ny statsminister.

15. april: Quisling går av etter tysk press. Høgsterett oppnemner Administrasjonsrådet.

24. april: Terboven blir tysk leiar i Noreg.

27. april: Dei norske styrkane kapitulerer i Sør-Noreg.

10. juni: Dei norske styrkane kapitulerer i Nord-Noreg. Kong Haakon og regjeringa flyktar til England.

25. september: Tyskarane bryt riksrådsforhandlingane. Det blir skipa ei ny regjering med nesten berre NS-medlemer.

1941:

- Organisering av motstandsarbeidet tek til.
- Kommunistane vil føre ein meir aktiv motstand.

1942:

- Quisling blir sett inn som ministerpresident i Noreg. Denne stillinga fekk liten politisk innverknad.
- Lærarane og kyrkja i kamp mot nazifisering. Mange lærarar vart sende på straffarbeid i Kirkenes.
- Mange motstandsgrupper blir avslørte av tyskarane og norske angivarar.
- Hausten 1942 blir 759 jødar arresterte og sende til konsentrasjonsleirar i Tyskland.

1943:

- NS og Gestapo med aksjonar mot norske patriotiske politifolk, offiserar og studentar.
- Ei sentral leiing i Heimefronten blir skipa.

1944:

- Milorg organiserer «Heimestyrkane» – «gutta på skauen».
- Tyskarane dreg seg ut og brenner alle hus og heimar i Finnmark og Nord-Troms. Sovjetiske styrkar frigjer Aust-Finnmark.

1945:

- Nokre trefningar mellom «Heimestyrkane» og tyskarane. Sabotasjehandlingar.
- 8. mai: Tyskarane kapitulerer.

Okkupasjonen i tal:

Folketalet i Noreg i 1940:

3 millionar

Felttoget 9. april – 10. juni 1940:

Norske styrkar: 50 000

Tyske styrkar: om lag 12 000 vart sette inn i dei fyrste åtaka, men talet auka etter kvart.

Allierte styrkar: 30-40 000

Norske tap: 850 soldatar og 185 sivile

Allierte tap: 900 i kampane på land, fleire på sjøen

Tyske tap: 5000 – 6000

Arrestasjonar og avrettingar av nordmenn under krigen:

40 000 vart arresterte.

6000 sat i tyske konsentrasjonsleirar i 1943.

Halvparten av alle norske jødar, 759, vart arresterte og sende til Tyskland, berre 25 overlevde.

363 menn og 3 kvinner vart avretta.

38 menn og ei kvinne vart torturerte i hel.

43 tok sitt eige liv for ikkje «å spreke» (røpe det dei visste) i tortur.

65 vart likviderte (drepne) av motstandsørsla.

Samarbeid med tyskarane:

55 000 melde seg inn i NS under krigen.

8000 melde seg som frontkjemparar, om lag 5000 vart sende til fronten, kring 1000 vart drepne.

Meir enn 100 000 arbeidde på tyske anlegg i 1943.

8000 norske kvinner fekk barn med tyske soldatar.

Krigsfangeleirane i Noreg:

I 1945 var det:

84 000 sovjetiske krigsfangar, 1600 polske krigsfangar, 1600 jugoslaviske krigsfangar, 9000 andre krigsfangar, m.a. tyske desertørar i Noreg. Ein har rekna ut at dødsprosenten blant jugoslavane var 70 og blant dei sovjetiske fangane 12. Dødsprosenten blant dei britiske, franske og amerikanske fangane låg på mindre enn 2. Alt i alt omkom kring 15 000 av dei polske, jugoslaviske og sovjetiske krigsfangane i Noreg.

Landssvikoppgjeret:

93 000 saker vart etterforska.

53 000 vart funne skuldige i landssvik.

23 000 fekk fengselsstraff.

25 000 fekk bøter.

5000 slapp tiltale.

30 vart dømde til døden, 25 vart avretta.

Styrkar i 1945:

Tyske: om lag 400 000

Milorg: om lag 40 000

Polititroppar i Sverige: om lag 14 000

Norske styrkar i Storbritannia: om lag 15 000

Norske tap under krigen:

I felttoget: 850 soldatar, 185 sivile

I alliert teneste 1940-1945: 1150